Vestmannen.

Nr. 11 | Bergen 10. desember 1986 | 2. årgang

I år er det 90 år sidan Ivar Aasen vandra burt

Saknad.

Eg veit so vel, det finst ein skat,
som vel eg hava maatte;
og ingen mand det vilde skadt,
um eg den skatten aatte.
Og fann eg den, var allting vel;
eg skulde vera rik og sæl.
Men aldri veit eg gruunen,
der han skal verda funnen.

Eg veit so vel, det finst ein stad,
kan henda nær ved sida,
der vist eg skulde verda glad
og gløyma burt all kvida,
og kom eg der, so fek eg naa
den ting, som mest eg sakna maa.
Men det er heile skaden:
eg finner aldri staden.

Eg veit so vel, der finst ein barm
med samme kjensla inne,
med same hug og same harm
og same von og minne.
Og fann eg den, vardt allting rett,
og livet skulde skrida lett.
Men det er verst aa minnast.
me skulo aldri finnast.

Sjå tekst på side 3

Jesus - du den einaste

Jesus - det einaste,
heilagste, reinaste
namn som på menneskelippor er lagt,
fullt utav kjærleik som
strålar av herlegdom,
fullt utav nåde og sanning og makt.

Samvitet klagar meg!
Aldri du jagar meg
burt frå din heilage, mektige famn.
Menneske gløymer meg.
Herre, du gøymer meg
fast ved ditt hjarta og nemner
mitt namn

Godord du segje meg,
Herre, - du leide meg
so som og kvarhelst det tener meg best!
Mildt mun du aga meg,
so eg kann laga meg
etter din vilje - med her eg er gjest.

Du er den einaste,
heilagste, reinaste!
Gjev meg ditt reine og heilage sinn!
Farleidi rette du!
Livsferdi lette du!
Tak meg til sist i din herlegdom inn.

Umsett til nynorsk av
Alv Askeland

(Diktet er skrive på dansk av Ole Theodor Moe (1863-1922) frå Åmot i Østerdalen, prest i Rødenes og Aremark).

Kun mandag og tirsdag samt lørdag

I yverskrifti her står ord som ein ikkje finn i nynorske ordlistor (bortsett frå og). Og likevel ser ein dei rett som det er — på oppslag, i krambuer og lokalblad i gode målbygder. Det skal vera MØTER (med R!) desse dagane. Og varone kostar KUN det og det.

Jamvel Gula Tidend brukte desse ordi (so nær som mandag) i eit «forvarsel», som dei skreiv, for Vest-Gula som skal dekka Fjell, Sund og Øygarden.

Då eg gjekk i barneskulen, fekk me læra om vekedagane: MÅNDAG etter månen, TYSDAG etter Tyr og LAURDAG etter laug eller vask. Seinare lærde eg av professor Ragnvald Iversen at laurdag truleg kom av LAUDR, som har med lut eller såpeskum å gjera.

KUN og SAMT er stutte ord, og lette å triva til — for folk som bryr seg lite om kva som er norsk og unorsk. Men ordi er «pære dansk». For KUN skulde me greida oss lenge med BERRE, eller me kan seia det på annan måte: **ikkje meir enn den sers rimelege prisen på** — Og når det ikkje gjeld pris, har me mange måtar å seia det på.

Ordet SAMT finn me i nynorsk i ein einaste samanheng: JAMT og SAMT, om noko som stendigt tek seg oppatt. Då tyder SAMT nærast noko som stødt er seg sjølv likt. I staden for SAMT soleis som det vert bruka no, kan me oftast greida oss med OG, eller me kan setja OG DESSUTAN (sameleis, likeeins, attåt, i tillegg, dertil). So har me SAMTLIGE, som tyder ALLE, ALLE SAMAN, eller ALLE SOM EIN. (Sjå elles Magne Rommetveit: På godt norsk).

At SAMT høyrer heime i dansk, skulde dette «svaret» frå Pontoppidan kunna vitna om: «Hvad er horaktige Geberder?» vart det spurt. Og svaret er: «Det er såsom Hoppen, Dansen og Springen og lettferdig Kyssen samt uanstendig blotten af Legemet».

Sigurd Sandvik.

Nær fortid

I Samlags-serien **I nær fortid** kjem det i år tvo nye band, det eine frå dei nordnorske fylki, det andre frå Sogn og Fjordane. Neste år vert serien fullført med bøker frå Hedmark og Oppland. Bokrekkja byggjer på tilfang frå ei minnetevling for eldre, tilskipa i 1981.

Ros til Norsk Barneblad-bøker

Bøkene frå Norsk Barneblad vert rosande umtala. Mykje i vinden er Saga Siglar-eventyri og dei fantastiske forteljingane der me finn Sigbjørn Heie og Ivar Kleiva millom forfattarane.

Um ungdomsboki «I grenseland» av vestmannabladstyraren Jostein Krokvik skriv Anders O. Klakegg i **Firda:** «Det hev vorte ei god bok der ein kjem inn på sjelsdjupna til både foreldra og Arnar. Det er ei av dei aller beste barnebøker eg har lese. Denne boka burde mange born få til jul!»

Sigurd Sandvik

Straum og atterbera

Straum og atterbera heiter ei av 1986-bøkene på Norsk Bokreidingslag, skrivi av Magnus Næsse. Ordet **atterbera** er i bruk, men um ikkje alle skynar det, tyder det **bakstraum.** Etter Ivar Aasen (Norsk Maalbunad) finst mange andre nemningar, m.a. **bakevja, bakida, atterrenning, atterida, (straum) kvervel, vodekall, m.fl.** Den yverraskande boki er rik på sprelske sidekast, innful skjemt og uventa hopp m.a. i tid, og lesarar som undrast på tittelen, skal nok ikkje undrast mindre på innhaldet i denne uvanlege romanen som hev vorte kalla ein lykjelroman. Her finst straum og atterbera i rik mun.

SOLHOV

Me veit ikkje um det trengst tyding på dette ordet, men med langvarande skotpremie på norske ord er det ikkje utenkjeleg. Ordet er ikkje avøydt, korso, og det vert nytta um solvendingi i myrketidi. Andre namn er vintersolkverv/vintersolsnu/vintersolvending o.fl. Kjært barn, veit me -.

Jolekort på Norsk

Ogso i år kan Norsk Bokreidingslag by fram eksklusive jolekort med norsk tekst. Dei finst i tvo variantar og kostar kr. 3,50 for stykke (inkl. konv.).

Send tinging i dag, so er du viss på å få dei i god tid.

Eg .....
(namn)

.....
(tilskrift)

tingar. . . . . stk. jolekort med tekst «Guds fred og god jol» og. . . . . stk. kort med tekst «Gledeleg jol og godt nytt år».

Send tingingi til:
Norsk Bokreidingslag
Postboks 2672 —
5010 Bergen-Møhlenpris

Vestmannen.

Vestmannen kjem til vanleg ein gong i månaden.

Bladpenger kr. 100,- for året.

Kan tingast på alle poststader og beinast frå «Vestmannen», Helge Liland,

5065 Blomsterdalen.

Postgiro: 4 25 63 92,
Bankgiro: 8401.21.43027

Lysingar:
Alf R. Lygre,
Gjøasvei 42, 5032 Minde
Telefon (05) 28 76 19

Bladstyrar:
Jostein Krokvik,
6143 Fiskåbygd
Telefon (070) 21 429

Forretningsførar:
Helge Liland,
5065 Blomsterdalen,
Telefon (05) 22 67 00

Utgjevar:
Vestmannalaget,
5000 Bergen,
Telefon (05) 31 79 29/31 31 16.

Sats/trykk:
Sigurd Olsen Boktrykkeri, Bergen

Ved solhov

Dette bladet - jolenummeret - rekk vonleg alle lesarar kring solhov, eit leite då det snart gjeng mot ljosare tider.

Me klagar ikkje på tidi som kvarv heller, allvisst ikkje um me held oss til dei nære ting. Ser me oss vidare rundt, er det større grunn til vanmod. Ufridom, rasisme, utnytting, svolt og open ufred grin imot oss. Urett og naud finst ikkje berre på utsida av eigi dørgått heller; me nordmenn hev mangt å skjemmast yver. Dette vere sagt so ingen skal tru Vestmannen ynskjer stengja seg av innanfor sine serlege sirklar.

Men held me oss innanfor sirklane, må me vel segja at 1986 var eit år til å leva med. Ålment hev norskætta mål, so langt me ser, halde skansane, - i skule, pressa og bokheim. Men lenge frametter må me slita med dei syrgjelege skadane som ein forlist 50-årig målpolitikk valda oss. Eit par herad synte sin velvilje mot norsk folkemål med å bannlysa det same folkemålet i heradsstyringi. I NRK vert stortingsvedtak um målbruk vedvarande brotne, og medan sume norskmålstalande NRK-folk framleis riv ned våre alt skamfarne målnormer og fablar um samnorsk, finn dei på hin kanten ankelaust sat sitt faststøypte og sers alderdomlege danskrøtte regelverk.

So langt det ålmenne der alt er nokolunde ved det gamle.

For dei som vil fremda klassisk norsk mål, finst sumt å gledast yver. Norsk Bokreidingslag gjev jamt og trutt ut bøker, og bøkene når vidare ut enn tidlegare etter Bokreidingslaget kom med i forlagssamskipnaden. Og Bokreidingslaget er ikkje reint åleine um å senda ut bøker med klassiske skriftmålsformer. Bladet Noreg kjem nok sjeldan, men med eit kvart hundradår bak seg kjem det framleis. Og serleg gledeleg - vårt eige Vestmannen utvidar.

Kven hadde vel tenkt slikt?

Når me no aukar til 12 sidor, er det eit stort lyft for bladet. Rekna etter gamalt sidetal, er det ei utviding på nærare 50%. Med 10 nummer i 1987 stig det årlege sidetalet frå 88 til 120 sidor.

Dei tvo fyrste åri av si soga hev bladet vore heller trongrømt og med smått prent. Me kann ikkje lesarane fullrosa, som hev halde ut og attpå hjelpt bladet med rauste gåvor. Bladpengane lyt no auka til kr. 100,-, men me trur alle skynar at det trengst.

Med 12 sidor skulde Vestmannen ha von um større utbreiding. Me kann tryggare bjoda bladet fram. So stend det att å fylla dei 12 sidone med innhald som er lesing verdt, og her treng bladstyraren hjelp. Send innlegg, dikt, utgreidingar, forteljingar, småstubbar - kva som helst. Me vil gjerne ha ein allsidug Vestmann.

Med desse solhovstankane takkar me for 1986 og ynskjer ei god jol og eit godt nytt år.

Vestmannen ynskjer god jol og godt nytt år til alle som les bladet.

Bladet «Vestmannen» større frå årsskiftet

Målsamskipnadene held årsmøte

Bladet «Vestmannen» som vert utgjeve av Vestmannalaget og redigert av forfattaren Jostein Krokvik hev no kome i snart 2 år, og frå komande årsskifte skal det verta større. Sidetalet vert auka frå 8 til 12 sidor, og samstundes vert bladpengane litt auka. Dette vedtaket vart gjort på det årsmøtet som Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet heldt i Bergen. Bladstyrar Jostein Krokvik var talar på det sams årsmøtet, og han fekk mykje vellæte for det gode bladet han lagar.

Samskipnadene hadde utførlege årsmeldingar, og årsmøtet i Vestlandske Mållag valde uppatt Ludv. Jerdal, Bergen til formann. Til styret vart attvalde Sigurd Sandvik, Halsnøy Kloster, som er varaformann, og Ellen Vabø, Fyllingsdalen. Dei tri er arbeidsutval. Liv Nyborg, Kysnesstrand vart òg attvald. Att frå fyrr stend Helga S. Mehl, Rosendal (kassastyrar), Alv Askeland, Utne og Ingjald Bolstad, Voss. Varamenn vart Eigil Lehmann, Nesttun, Haldor Slettebø, Oslo, Nils Haukås, Paradis, Jon Askeland, Bergen og Oskar Telnes, Fjell. Ettersynsmenn vart Olav Eik, Rosendal og Ragnvald Guddal, Seimsfoss.

Årsmøtet i Ivar Aasen-sambandet valde uppatt Jon Askeland, Bergen til formann. Til styret vart attvalde Trine Reknes, Bergen og Toralv Bergwitz, Arendal. Att frå fyrr stend Nils Haukås, Paradis og Sigurd Sandvik, Halsnøy Kloster.

Det vart vedtekne fyreteljingar til Norsk Språkråd, um normering i leseverk og songbøker, og ei sterk uppmoding um at dei tradisjonelle målformene som vart kasta ut ved målbrigdet i 1938 må koma inn att i den nynorske læreboknormalen.

I år er det 90 år sidan Ivar Aasen vandra burt

Frå side 1

Det er underleg no å minnast at det året han døydde (1896), drog skjemtebladet Tyrihans i jolenummeret fram kjærleikssoga um Aasen. Gustav Lærum teikna den aldrande diktaren med hildresyn av henne han var glad i, og redaktøren sette Aasen-diktet «Saknad» yver.

I eit foredrag som prost Johannes Barstad heldt um Ivar Aasen, sa han m.a.: «I 1850 tok han eit års pusterom og var då heime på Sunnmøre. Dette året hadde Ivar so nær vorte trulova. Han hadde eit godt hjarta og vilde gjerne få eit menneskje han kunde tru seg til. Men Ivar var lite for seg. Dei gode kjerringarne i bygdi laut hjelpa til, men då Ivar sku' fri torde han ikkje tala med gjenta. So det vart 'kje truloving. Då han kom til Oslo, skreiv han friarbrev til henne, men då hadde ein skomakar frå Ålesund gift seg med ho». (Etter referat i Gula Tidend 26. april 1919).

Juleglede

Av Sigbjørn Heie

I

Nokon går i gangdøra og eitkvart fell ned på golvet der ute. Så vert døra raskt laten att. Eg går ut og finn ein liten pakke i fint julepapir, med sløyfe og kort.

Jau, pakken er til meg med juleheling frå eit syskenbarn som eg mest ikkje kjenner. Ei framand helsing å stå med i handa, men det gler meg, dette.

Ei fjern hand, men med varme og styrke. Ei uventa gåve som eg ber med meg inn i eigen stovevarme.

Lyset spreiest i rommet og ny nærleik frå denne halvframande som opna ei attlata dør for å kasta gåva si inn.

II

Etter å ha repetert diktet «Jul ved ei protestantisk kyrkje» (Trygve Lande), går eg til ei slik kyrkje for å sjå bygdefolket i høgtid. Ei framand og unaturleg høgtid, men likevel, det høyrer alt jula til: Orda, songen og dei kvite, stive maskene.

Eg går ut i regnet. Den svarte paraplyen - ei vengje under desembergrå regnhimmel. Dette er vegen.

Sanninga og livet?

Ingen kjem meg i møte, korkje i ord eller gjerning. Eller kanskje likevel ei?

Det ligg ei von i det å gå. Berre gå mot den kvite, protestantiske kyrkja. Same vegen å gå for heilage og vanheilage.

Alt er som eg hugsar det. Dei gamle salmene gjev tryggleik og avstand. Rituala og orda kvernar rundt i eit tomrom. Der kan eg kjenna meg heime.

Og etter gudstenesta dei flyktige helsingar. Eit god dag. Eit hei. Eit god jul.

Så ei hastig hand: Lenge sidan sist. Eit fort glimt. Varme.

Dermed er det slutt, og vegen heim er like grå og regnfull som vegen hit var. Dråpane slår hissig mot paraplystoffet. Det er hustre og kaldt.

Granskogen. «Var jeg blott en gran i skogen» (Nils Collet Vogt). Susinga og minnet om eit par augo og det forte, forte handtrykket.

Lenge sidan sist.

Jau, eg har fått ei helsing med meg. Mi julehelsing.

Mørkret tetnar til. Kvar fer til sitt utan å dela hus- eller hjarterom med andre.

III

Her sit eg og ser ut glaset. Det står ei juleglede her. Ein blom. Den sende dei. Ein blom til jul. Det er mi glede, og det er greitt det. Ein blom er ikkje så verst, nei.

Eg ventar ingen. Dei kjem ikkje hit lenger, enten det er jul eller påske. Alle har nok med sitt, og eg i grunnen med mitt. Det eg har å gjera er ikkje så mykje, men det tek heile mi tid, for alt går så seint. Seinare enn før.

Blomen har eg fått, og no ventar eg ikkje nokon - berre kjøpmannen med varene - for mat må eg ha til jul. Eg skal overleva, og då er maten det eg treng mest. Det einaste eg treng no.

Det snøar og snøar. Laver ned der ute over bø og bakke. Kvitsnø som løyner ustelte marker og hus til nedfalls.

———

Så uendeleg med snø. No kjem visst ikkje kjøpmannen fram med bilen sin. Det er ille, for mat må eg ha når ei lang helg stundar til.

Eg kjenner eg ventar på noko likevel. Det er kjøleg i rommet, og blomen min, julegleda, ser litt visen ut.

Eg treng gjerne ikkje venta så lenge.

— — — —

Velkommen til Landsbankens Nybygg i Torggt. 1c
— banken vis á vis Hotell Norge.
Banken som passer for deg.
landsbanken

Bente Bratlund Mæland
er kjend for sine barnebøker/ungdomsbøker. I 1986 er ho på boklistone med ei diktsamling ho hev kalla «Naken mot lyset». Boki kjem på Luther.

Bedehus og ungdomshus
hev stundom vore rekna for motpolar i bygdesamfunnet. I år kjem det ut bøker både um Bedehuset og Ungdomshuset, båe på Samlaget. Boki um Bedehuset, rørsla, bygdi og folket, er redigert av Olaf Aagedal, og det syner seg nok at bedehusfolket er ein romslegare og meir samansett flokk enn sume kanskje hev fortalt oss. Det er likevel unekteleg so at Ungdomshuset meir enn Bedehuset stod ope for alt og alle. Ungdomshuset hev vorte kalla ein møtestad for bygdekulturen, men denne kulturen femnde nok um Bedehuset méd. Boki um Ungdomshuset er eit innhaldsrikt festskrift til Noregs Ungdomslags 90-årshøgtid, redigert av Lillian Eltvik Dyrnes, Gunvor Hals og Jan Kløvstad.

SUPERTILBOD
Nynorsk leksikon i to band – Hermes leksikon, **einaste på nynorsk for skule og heim.** Solide band, 2244 spalter.
FØR KR. 660,- **NO KR: 190,-**
Skriv eller ring til
RING BOK, Mælingen, 3500 Hønefoss
tlf. 067-41 292

Dølaårbok på sitt beste

Årbok for Gudbrandsdalen
Dølaringen Boklag
Lillehammer 1986. 206 s.

I trygg visse om god avsetnad har Dølaringen og Gudbrandsdal Historielag med skriftstyrar Johs. Myhren i brodden sendt ut den 54. årgangen av Årbok for Gudbrandsdalen i eit opplag på 5000 bøker. Inga bok kjem over så mange dørstokkar i Gudbrandsdalen kvar haust som årboka, og dessutan har ho ein vidare lesarkrins utanfor sitt eige område enn flest alle tilsvarande skrifter. Heilt sidan 1930 har ho vore ein kulturhistorisk laftestein i eit av dei mest tradisjonsrike bygdesamfunna i landet.

Folkelege sogesrifter av dette slaget lyt i nokon mun rette seg etter dei ymsande hugmål i den store lesarflokken dei vil nå fram til. Dei skal innehalde noko for kvar smak, og skriftstyra har det alltid yrkt med å semja «likt og ulikt». Slik er det med dølaårboka óg, lettkornet er med her som andre stader, men her er det like fullt veggronda som fell lettast i augo.

Ei tullesott som heiter «marknadskreftene i det som folk vil ha», rid store delar av norsk blad- og bokliv no for tida. Men Årbok for Gudbrandsdalen har ho ikkje greidt tøvre, og boka vil stå seg på å halde seg smittefri. Ho er trygg nok på seg sjølv til å stemne fram etter sitt eige velrøynde far både i bunad, innhald og målføring i vissa om at ho er best tent med det.

Den siste utgåva er den beste på fleire år. Fylkeskonservator Arnfinn Engen opnar med eit tankevekkjande utsyn over kva Maihaugen har hatt å seia for kulturvoksteren i Gudbrandsdalen i dei hundre åra som no er lidne sidan romsdølen Anders Sandvig tok til å samle gamle hus og ambod på Vetlehamar.

Er det rett som sume har hevda at museet drog utor dalen det beste av hus og husgogn til meins for bygdene, eller var det til deira eige beste? Som i hjonskap flest har tilhøva mellom dalen og museet vore rett uhøgt tidomtil, og stundom ikkje så lite fåvist. Eit godt døme, som Engen rett nok ikkje har funne rom åt, er striden om Garmoskyrkja ikring 1920. Garmoingane køyrde kyrkja på røysa i 1885, og hadde ikkje han Trond Eklestugun vore førevis og teke vare på reisverket hennar, hadde ho visseleg enda som vedfang og fausk. Fyrst då Sandvig fekk opp att kyrkja på Maihaugen i 1919, vakna lomværene. Dei slost på og ville flytja henne nordover att åt Garmo. Dette er ein tått or soga om den gode innverknaden Maihaugen har hatt på dølene, om korleis museet gav dei tru på og vyrdnad for sitt eige og vilje til å verja mykje av det som var att etter at Sandvig og andre samlarar fór.

Årboka er ikkje skoren etter nokon fast emneleist, men inneheld 24 tilskot om såpass ulike emne som timbe rfløyting, eldre og nyare mjølkestell, veiding og sæterliv, stadnamn, person- og ættesoge, krigssoge frå 1808 og 1940-åra, skulesoge o.fl. Halvor Strangstad fortel om tretlingen Lasse Olsen Fagerlidalen, som vart den fyrste rudningsmannen i Målselv i Troms. Asbjørn Dagsgard gjev att ei forvitneleg samrøde med skjåkværen Ola Storbråtå om rjupveiding etter gamalt med mange gode veidenemningar. Endå betre hadde stykket vorte på reint skjåkmål i staden for i den nynorske rettsnøringa. Einar Hovdhaugen skriv om bondehovdingen Ole Haagenstad frå Vågå, som med stutte avbrot var stortingsmann frå 1814 til 1845. Han har vore skildra på ymse vis fleire gonger før, såleis særs rosande av Wergeland, som såg den trauste norske urbonden i honom. Vinje såg betre rangsidene hans i den velkjende skildringa av fleskeskida på Håkonstad. Hovdhaugen freistar semja dei ulike syna, og gjev dei rett som hevdar at Ole Haagenstad knapt sette far etter seg i norsk styringsverk.

Ein eigen bolk i boka er vigd diktarminne. Ivar Teigum skriv om korleis han opplevde sambygdingen Tore Ørjasæter som «diktaren den gamle» då han var framveksting i Skjåk.

Det lengste og beste stykket i boka er av Reidar Djupedal og handlar om Tor Jonsson. Tidlegare har han gjeve ut skrifter av Tor Jonsson i to samlingar med drjuge etterord, og det er få om nokon i dag som har større innsyn i døladiktinga og i nynorsk mål og bokheim ålment enn Reidar Djupedal. Grunnlaget for dette stykket er ei bok om Tor Jonsson som Inger Heiberg sende ut i 1984. Det er ei turr og kaldvoren riksmålsskildring av ein mann som verkar like ukjend på siste bladsida som på den fyrste. Djupedal syner fram den eigenlege Tor Jonsson attom maskene han gjerne løynde seg attom, og som har fått altfor mange til å tru at han einast var ein svartsynt og einsidug samfunnsrefsar. Det er ikkje den tidbundne politiske brenneto-sveigen, men dei ålmennmenneskelege kjensledikta som fortel mest om Tor Jonsson og kjem til å leva lengst.

Det er ei ugjerd at bileta meir og meir får trengje til sides ordet. Dølaårboka har óg fått denne utamen med røser på mesta tredjekvar side. Sume er velvalde, andre er dåmlause. Reint motskapt er det når dei tøygjer seg frå ei side og halvmidt inn på den hi.

Oskar Vistdal

Årbok for Gudbrandsdalen 1986

Kr. 70,- Skriv til: **Dølaringen Boklag**
2600 Lillehammer
Telefon: (062) 51 255

Gåveliste

Bjarne Målsnes, Kokstad, kr. 50,- — Theodor Midttun, Haugsvik, kr. 50,- — Eng. Eikeland, Minde, 200,- — Georg Nyborg, Kysnesstrand, kr. 50,- — Ivar J. Helleland, Litlabø, kr. 100,- — Torgeir Hetland, Hommersåk, kr. 30,- — Knut Rysstad, Kristiansand, kr. 100,- — Sylvi Krokvik, Oslo, kr. 25,- — Ingerd Hirth, Bergen, kr. 25,- — Kåre P. Villanger, Laksevåg, kr. 50,- — Sverre Hausberg, Askvoll, kr. 150,- — Lars Slettebø, Stord, kr. 50,- — Anders O. Klakegg, Klakegg, kr. 100,- — Agnar Kleppe, Ulvik, kr. 100,- — Lars Slettebø, Stord, kr. 150,- — Egil Skarstein, Straumsnes, kr. 100,- — Klara Elisabet Hartveit, Indre Arna, kr. 50,-.

I alt kr. 1380,-

Me takkar gjevarane
VESTMANNEN
Helge Liland
5065 Blomsterdalen
Bankgiro: 8401.21.43027
Postgiro: 4 25 63 92

Historisk roman um eit slitarfolk

Åsmund Farestveit:
Berserken og mor hans
Norsk Bokreidingslag

Sokneprest Åsmund Farestveit var frå Modalen, men foreldri flytja seinare til Voss då dei kjøpte gard der. Uppvoksteren hans fall soleis både i Modalen og på Voss. Etter teologisk embetseksamen på universitetet var han ei tid folkehøgskulelærar, men lengste tidi prest: I Hafslo, i Førde og i Fusa. Etter aldersgrensa budde han i Os. Han var kjend som ein forkynnar av format. Det var samanheng millom innhald og form. Han var ein måldyrkar som bar sine tankar fram på eit mål som det vert meir og meir sjeldsynt å høyra. Då Farestveit fall burt no i 1986, var romanen hans, «Berserken og mor hans», nærepå ferdig frå prenteverket. Men sjølv fekk han ikkje sjå boki.

Me andre kan ho gleda oss yver ein historisk roman som er eit heilstøypt verk. Og me kan slå fast at presten Farestveit var ein like visshøv målmeister når han skreiv som når han stod på preikestolen og forkynte den glade bodskapen. Hendingane i romanen hans er knytte til året 1752, ei etterkrigstid med nye straumdrag utanifrå og med sterk frigjeringstrong. Og «speltilet» er Eksingedalen og Modalen, eit miljø som Farestveit kjenner og som han skildrar med sterk innleving.

Det er ei bok um eit slitarfolk. Sauehald og jakt er noko av livsgrunnlaget, og ikkje minst **kornet**, «Guds-lånet». Naturkreftene brytst med krefter i mannahugen. Ei frostnatt med hela som kjem for tidleg kan leggja mykje øyde. Gamal ovtru og dei meir varme kristentankane brytst òg med kvarandre. Tenestdrengen, han Askjell-Joans, vert send avgarde frå Hevikjene i Eksingedalen og yver fjellet til Mokyrkja, på sjølve Krossmessedagen, han skal henta gravmold - og berga livet til husbonden, han Jo, som hadde fenge drepsotti. Drengen Joans er både soldat og bjørneskyttar, men ferdi etter kyrkjegardsmold er det kaldslegaste han hev vore med på. Denne Joans stig vel so klårt fram som sonen på garden, han Ola, som av ein granne fær berserkutnamnet etter eit heller stridt basketak på ein fest. Ja, her er gode grannar, og mindre gode. Husbonden Jo er ikkje til å berga, ikkje med kyrkjegardsmold heller.

Fremst i personskildringane stend kona på Simensgarden i Hevikjene, ho Jo-Anna Hevikji. Ho er ei varmhjarta og sterk kvinna, og ho styrer med jordnær livsvisdom. Ved nytt giftarmål med drengen Joans vert ho Joans-Anna, og dette tidsbiletet som visseleg er ekte skildra, det fortel mykje um den tids tenkjemåte. Jo-Anna er 14 år eldre enn drengen Joans, men det er liksom sjølvgjeve, lagnadsavgjort, at han skal verta den nye mannen i Simensgarden. Fire born hev ho, og her er ingi friarscena. Farestveit broderar ikkje ut, han kan kunsti å nytta fåe ord. Og setningar som stend som meisla.

Men både kvardagsslit med innhausting og slakting og bjørnejakt, og med strevsame byferder i båt til Bergen der tyskarkjøpmenn kjøpte og selde, og kyrkjeferder, trulovingslag og brudlaupslag gjev oss gode tidsbilete. Her er t.d. korleis smågjentone på Simensgarden, Vetl-Anna og Maria, upplever ei kyrkjeferd på syftesokdagen: «Alle desse karane, mange kvinnor òg, i avbragslege klæplagg, i allslag leter. Kunde tru at huldrefolk og bergatussar hadde våga seg ut i blanke dagen og soli. Men det var folk, det var menneske, utan huldrerove eller tussenase, endå det fanst mange rare tryne å sjå. Og snakka eit rart mål, kvar sitt eige - hadde vel ikkje lært noko anna».

Dette er noko av ei skildring frå ein stemnedag då folk frå sju prestegjeld samlast: Eksingedøler og modøler, og sogningar, vesser og strilar. Dei laga marknadsdag etter at messa var ferdig. Og då røddest frendar og vener. I ei fjellbygd med sterk tradisjon, ei bygd som Ottar Wiik hev laga teikning av på umslaget. Talande: Eit tun og ein gard, med bratte fjellet til bakgrunn. Dette var òg presten og forfattaren Åsmund Farestveits bakgrunn.

Ludv. Jerdal

Det aktuelle tidsskriftet
Avsløringa: Spelet om bestseljaren Haugland.
Tankevekkjaren: Terrorisme som kommunikasjon.
Analysen: Treholt-journalisten. **Jubilanten:** Hans Skjervheim.
4/1986 **Rapporten:** Den engelske velferdsstaten i 1986.
Samtalen: Kvinnehistorikaren Ida Blom.

Abonner no – prisane stig frå nyttår!

SYN OG SEGN, Boks 4672 Sofienberg, 0506 Oslo 5

☐ Abonnement 1 år f.o.m. ..... kr 140,00
☐ Studentabonnement kr 105,00 Lærestad .....

Namn: .....

Adresse: .....

SYN & SEGN

Ein god jolegåve

til ein ven er ei årstinging på Vestmannen.

Grundtvig bygde bru



Han synte oss at kristendomen er eit ja til livet, segjer Berge Furre.

Kristendomen er den religion som slær dauden ihel, Kristus stilte seg på livsens sida, og gav oss livet att, dette livet som byrjar her, men gjeng ut yver dauden, fordi dauden er yvervunnen. Med Kristus hev livet sigra. Me kan ana det i våre beste stunder, merka ein gneiste av livet slik Gud hev skapt det. Difor er kristendom eit ja til livet. Det byrjar her, og det varer i æva. Dette var Grundtvigs bodskap. Han var fylt av ei usvikeleg tru på at det nyttar å kjempa mot dødskreftene. Me skal gjera verdi betre, so menneske kan verta kristne. For når me gjer menneske betre, vil dei søkja til Han som hev yvervunne dauden fordi Han var livet.

Det var professor Berge Furre som sa dette i eit Grundtvig-foredrag han heldt i Kirkeakademiet i Bergen. Grundtvig hev synt meg den kristne tru på ein ny måte, sa Furre. Grundtvig makta å byggja bru millom det menneskelege og det kristelege. «Menneske først - og kristen så» er profetord som lever. Grundtvig såg fåren i pavedømet og vart sjølv ein ekte lutheran, men snart øygna han òg fåren i det pavedømet som Luthers skriftteologi bar i seg. For Grundtvig vart Evangeliet det frigjerande, han sette trui inn i livet: Kristendom er gjeven oss for vår skuld, for at me skulde finna meining og mål med livet. Difor interesserar Grundtvig meg på ein heilt annan måte enn berre som faghistorikar. For i dag upplever me at vitskapen hev gjort livstilhøvi meir kaotiske enn fyrr. Livsmotet sviktar, me er ikkje eingong visse på at det vert nokon morgondag. Uro og trugsmål heng yver oss, atombomba trugar oss, skogane visnar i Europa, Tsjernobylhendingi skræmer oss. Korleis skal eg ha tillit til livet og framtidi, korleis finna livsmot? Til dette gjev Grundtvig trådar til eit svar. Og svaret hans er livet, tillit til livet. «Menneske først - og kristen så», det var eit syn han hadde frå den norrøne mytologien og frå den greske antikken. Han

Til side 7

Lyrikkdebutant frå Vossaveldet

Odd Kløve:
Innbjoding
Dikt
Norsk Bokreidingslag

Ein debutant som hev fylt 81 år og nærmar seg dei 82, det er nokso sjeldsynt. Men Odd Kløve, skulemeister og skulestyrar frå Voss, han tek i år bykset upp på Parnasset. Og det skal han ha takk for. Han kom seint, men han kom godt.

I denne samlingi, med det hyggjelege namnet Innbjoding, er det mykje å gleda seg yver. Odd Kløve steller so vel med Ordet, han brukar ordi med umhug, eg hadde nær sagt med kjærleik og vyrdnad. Og so er han verkeleg lyrikar, **skald**, ljodskald som er den nemningi som islendingane er so vyrke for. Berre den som kan skriva gode vers er ljodskald på Island.

Godt og vel 50 dikt er med i denne debutsamlingi, og dei er bytte inn i bolkar: Naturstemningar, kjærleikskvæde, attersyn på sogehendingar, og kvæde som på stillfarande vis tolkar tilbeding og bøn. Det som må undra mest er at Odd Kløve hev venta so lenge. For mykje av dette er skapt for lenge sidan, og konsulentar rådde sterkt til utgjeving, dei fann mest ikkje lyte.

Han er ein visshøv versekunstnar, og han som hev vore lærar og måtte undervisa i læreboknormal-språk, han skreiv dikti sine òg på vanleg skulenynorsk.Ordkunstnaren og skalden i han må ha gjort uppreist, for han førde dikti yver til klassisk nynorsk, til klangfagert Aasen-mål.

Kløve hev sine fyrebilete. Her er dikt som minner um både Olav Aukrust og Olav Nygard. «Dryg litt», samrøda med Ljåmannen um å venta, det er sterkt Nygard-farga. Likeeins det vedunders gode og sterke «Fargeoffer». Både det og fleire andre dikt som vil leva, langt inn i framtidi. Og skalden Kløve er fylt av **tru**, noko han gjev klårt vitnemål um i diktet «Vederlag»:

> **«So sterk er ikkje tvilen at han vinn**
> **kvar skanse på di høgste tankebru,**
> **for gjenom glyttar i ditt stengde sinn**
> **vil ogso trengja småe blenk av tru.»**

Dette er ein grunntone hjå denne skalden frå Vossaveldet.

Ludv. Jerdal

Lærebøkene må ha stødugt formverk

Syn varsemd med målbrigde i salmar og songar, heiter det i fråsegn til Norsk Språkråd.

Til Norsk Språkråd hev årsmøtet i Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet sendt denne fyreteljingi:

Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet samla til årsmøte i Bergen hev dryft reglar for normering i leseverk og songbøker som Norsk Språkråd no er i gang med, og vil få målbera vår tilråding i denne saki.

1. I leseverk for barneskulen er det til studnad for norsk-upplæringi at bøkene hev eit heller stødugt formverk, men likevel ikkje strengt etter læreboknormalen. Det som er tillate i skriftlege arbeid, må óg få stå i lesebøkene når forfattaren brukar slike former. Me tenkjer her på dei klassiske nynorsk-diktarane våre og yngre diktarar som brukar tradisjonelle former. Serleg skal ein vera varsam med målbrigde i salmar, dikt og songar - og i folkediktingi vår.

2. I leseverk for ungdomsskulen og den vidaregåande skulen må diktarane ikkje normerast. Ungdomen bør venjast med ulik målføring, soleis som han møter det i folkeboksamlingane. Det bør synast like stor age og vyrdnad for umsetjingar som for originaldikting.

3. For dikting i bunden stil er det serleg um å gjera å syna umhug. Målet åt diktaren må få stå i fred. Difor må ein vera sers varsam med normering i songbøker og salmebøker. Nynorsk Salmebok er eit godt mønster. Men å taka **Norsk Salmebok** til mønster, som hev vore nemt, er ingi god løysing. Der er gjort mange uturvande og skadelege målbrigde i nynorske salmar. Serleg i umsette salmar hev dei fare harhendt fram, soleis at det stundom gjeng utyver innhaldet med. Og det er liten konsekvens i «rettingane».

I staden for å godkjenna dei målbrigde som er gjorde i Norsk Salmebok, bør Norsk Språkråd krevja større pietet andsynes dei nynorske salmeskaldane i ei ny utgåva.

Den som styd Vestmannen
styd eit klassisk norsk skriftmål.

Grundtvig bygde bru
Frå side 6

såg at det gode låg der **fyre** kristendomen, i **mennesket.** Heidenskap er grunnlaget for kristendom. Det menneskelege er ei gåva me hev fenge til bruk. Det som trugar oss er makt-arrogansen, religiøse og politiske pavar som vil tvinga livet inn i si form. Tusund års botskristendom, med læra um at verdi er ein jammerdal, vende Grundtvig seg imot. Syndi er at mennesket hovmodar seg, sa Grundtvig, den grunnleggjande motsetnaden i tilværet er motsetnaden millom daude og liv. Daude er alt som vil øyda livet, alt som fær mennesket til å gjera uppreist mot Guds vilje. Kristendom er Evangeliet som gjer livet fritt frå daudens tvang. I det evangelium skal me samtala yver livssynsgrensor. I kristendomen hev me ei ljoskjelda, ei kraftkjelda -til «et jevnt og muntert virksomt liv på jord».

Grundtvig sjølv var sterkt med i dette programmet, møtelyden i Krosskyrkja likeeins. Dei fekk syngja Grundtvig-salmar, og Bjørn-Tore André og Berge Furre las Grundtvigdikt innimillom foredraget, og korgruppa i Krosskyrkja, leida av organist Kristen Øgaard, song Grundtvig-salmar, alt saman på Grundtvigs sterke og malmfaste originalspråk, det språket som norske salmebokutgjevarar no hev fare so ille med. Difor vilde Berge Furre lata Grundtvig stiga fram i sitt eige originalspråk. Og det vart eit mektig møte med den store danske sjåaren og skalden.

Ludv. Jerdal

Stor Nok For De Fleste

Med Ingebjørg på flytjefot

Ingebjørg Sandstaa Sandvin:
Frå Hardanger til Stavanger
Norsk Bokreidingslag

Ingebjørg Sandstaa Sandvin, hardinggjenta, held fram med å fortelja sine livsminne. Boki i år heiter «Frå Hardanger til Stavanger». Ho hadde høyrt um Stavanger som «splintebyen», for mest alle farande folk, landevegstråvarane, sa at dei var ifrå Stavanger! Men ho gav seg no i veg, saman med mannen, han Jakob. Og so møtte ho laglege og vensame og hjelpsame menneske.

Nett dette er noko som sermerkjer Ingebjørg Sandstaa Sandvin: Ho er ikkje av dei som syter og klagar, ho er positiv, ho er glad, ho øygnar dei ljose sidone ved livet, og ho er takksam. Ho fortel um Lende'n og andre originalar, hjelpsame menneske som vilde alle vel. Det rogalandske lyndet hev sjarmert henne, og det er inkje å undrast på.

Ho er sydama, og ho gjev upplæring i sauming. God pedagog må ho vera, det syner både kursverksemdi og det ho fortel elles i denne boki, ei bok med mykje frodig humor.

Fredrik Knutsen hev laga ei umslagsteikning som minner um det blømande Hardanger og med Valbergtårnet i Stavanger, og ei rad friske teikningar av Leif Harald Forthun pryder boki.

Ludv. Jerdal

Heim åt ho mor

Tekst: Arne Horge
Teikning: Kari Anne Horge

Han smilte ein skakk smil. Ein ting hadde han lært i sitt vaksne liv, å sjå seg sjølv utanfrå. Det var godt å ha den visdomen, hadde dette vore då han var ung og urøynd, vilde han køyrt i vill fart no, kan hende køyrt av vegen og øydelagt både seg sjølv og bilen eller fenge seg ei stor bot. I staden let han den gamle stasjonsvogni dure seg i høveleg fart uppetter dalen, låg bak same bilen i fleire mil, køyrde framum eit par stykkje. Vegen låg turr og haustkald. Tunge, gråe skyer yver bergi varsla fyrste snjøen.

Baki hadde han flytjelasset sitt, ein kuffert, ein stor pappask, ein rjupesekk og plastposar,ei motorsag, ei reidskapskasse og mykje verkty, so høveleg i orden, og so velbrukte og um kvarandre at dei synte at mannen i bilen hadde jamt bruk for dei og visste kvar dei var. Slik var stasjonsvogni hans òg. Det rikta i henne, ved døri var ein kald trekk, men elles var ho i orden med gode dekk og brukeleg motor, einast nokre rustblemor i lakken her og der.

Nett no likte han å køyre attmed elvi og innunder bratte bergsida. Stein og vatn og myrk gronskog millom urdene, ingen jorde, ingen hus, ikkje noko som minte honom um den flate, store garden nede på breidbygdene der han hadde arbeidd i tre år.

Jau då, det hadde gange bra. Han hadde pening på kontoen. Men han hadde sleppt staden inn på seg, vorte glad i skogane, åkrane og husi som høyrde garden til, hadde teke til å byggje dei inn i draumane sine. Gamlingen hadde sett inn ei lysing etter sjølvstendig gardsstyrar og skogsarbeidar. Han kom til det drypstille tunet med det store, kvite huset, den lange låven med raudt, salande teglsteinstak, gråsteinsmuren med vakre steinbogar yver tronge møkjakjellardører der det var so lengje sidan gamalt møkseg at brennenesla hadde dovna.

Ja, det hadde gange bra. Gamlingen hadde vore nøgd og lagt på løni hans fleire gonger. Sjølv hadde han tenkt at han skulde arbeide seg inn i hjarta på gamlingen, gjera seg umissande, få kjøpt heile garden ein vakker dag. No hadde han lagt det fram for honom, og gjort honom ovandotten. Han kunne ikkje selja. På ein måte åtte ikkje gamlingen sin eigen gard, hadde han sagt. Han gjekk yver jordene, såg upp lidene, steig inn i det daudstille fjøset og visste at alt vilde halde fram på ein måte same kven som kom og gjekk. Våronni, skurden og timbredriftene hadde gange sin gode gang i desse tre åri, det var sant og visst, men det hadde ikkje noko med garden å gjera, um so jordene grodde atte med småskog og husi rotna ned, lell vilde moldi liggje der og vera eit skattkammer for framtidi, for nye åkrar som skulde koma og nye kyr på nye båsar. No var det nettupp han som hadde tidi si og han laut gå henne ut. --- Medan han heldt auga med vegen, med bilen bak i spegelen, la han ord i munnen på gamlingen slik han hadde skjønt honom i dei mest ordlause dagane etter at han hadde spurt honom. Gamlingen fekk no elles berre gå der, det var ikkje fårlegt med honom, han hadde sin eigen styrkje den mannen, skjønte han no.

Han var på veg heim åt mor si. Ho hadde vore enkje i mange år og levde åleine i huset som faren hadde bygt ved vegen millom sagbruket og kraftverket. Snuggjen og snerten var ho, med kvitt fyrikle, varmt og hyggjeleg i huset og god mat. Skulehusvasken hadde ho, og endå hende det ho kokte på hotelli. Faren hadde vore ein sterk arbeidsmann, og byrg av det, og ein evig kranglefant, hadde usemje som livsgrunnlag, men ikkje med kjerringi si. Det hadde vore noko blankt og sterkt og reinskore millom dei tvo, hadde han skjønt, utan å fata kva det var. No var han no daud, og mori nemnde honom sjeldan. Han hekk på veggen attmed framskåpet og stirde framandt på dei frå biletet sitt.

Som halvvekstring hadde han teke til å røykje sigarettar. Det fann ho snøgt ut, nemnde ikkje noko for faren, let honom få pengar frå skulehusvasken og kokkearbeidet og tok gjerne ein røyk saman med honom. Han tykte det var rart. Undrast um ho gjorde det for å vera betre ven med honom, for å draga honom innåt seg. Men so vart det ikkje so viktigt for honom å røykje heller. Det dovna burt. Kanhende var ho ein menneskjekjennar. Slik var det med brennevinet òg. Det hende beint fram at ho drakk seg på ein snurr saman med honom, kokte kaffi og sette fram godt biteti og so prata dei, lo i lag og hadde det hyggjeleg. Ikkje eit hårstrå kom i ulage på det gråe hovudet, og fyrikleet var like blendande drivkvitt. Heile tidi. Ingen visste noko. Ingen vilja trudd det um han hadde fortalt. Men øl vilde ho ikkje ha. So vart han heller ingen stordrikkar sjølv.

Han smilte då dalen vida seg ut framfyre honom og gav rom åt ein velvaksen bygdeby. Det hadde teke til å snjøge store snøfluksor og vegen kvitna utanum hjulspori. Varsamt køyrde han av frå riksvegen og upp i gatone. Han stana ved polet og var ein snøggtur innum, sette store, svarte fotefar på asfalten og upp troppi, men no snjøga det so sterkt at dei var vortne kvite og utydelege innan han kom utatt. Umsyteleg sette han flaskone baki,

Ordbøkene for skolen, alle kontor og etatar, saksbehandlarar og brevskrivarar flest — kort sagt alle som les og skriv!

NYNORSKORDBOKA
BOKMÅLSORDBOKA

De nye nasjonale ordbøkene

Nynorskordboka inneheld 90 000 opplagsord, inkludert ei rekke målføreord. **Kr. 325,-**

Bokmålsordboka inneholder 65 000 oppslagsord. **Kr. 295,-**

Bøkene kan kjøpes samlet i en praktisk kassett. **Kr. 585,-**
I bokhandelen nå!

Det Norske Samlaget / Universitetsforlaget

ål 86



dei laut stå trygt um han laut bråbremse.

Dei skulde få ein god og rolig kveld. Han skulde gleda henne ved å vera heime, fortelja og leje. Ikkje noko gale skulde hende. Og han skulde skjefte seg til att. Til vetteren fekk han arbeide i «Beckstrøms Skogforvaltning», dei vilde gjerne ha honom der. Og fyrstkomande helg skulde han taka seg ein tur hit ned att, til kvinna burte i bustadfeltet med tvo born og ingen mann, ha med ei flaske til henne òg, ikkje drikke seg full, men sjå um dei fann ein tone som kom utanfrå, frå det store myrkret ein stad, noko dei kunne verme seg ved i lag ei stund. Han var komen til skjels år og alder no, hadde kunnskap par um seg sjølv og kjende seg sterk og god, visste korleis han skulde bera seg åt for å viske ut det han hadde bakum seg, draumane,voni.

Prosaistar på Samlaget

Tvo vestlandskvinnor debuterer i 1986. Den eine er Solfrid Sivertsen, frå Mosterhamn, no busett i Bergen. Hennar bok, **Porselensfiguren,** er ei novellesamling som - um me skal tru forlaget - kokar av kjenslor og tankar. Den andre er Agnes Tertnes som hev skrive ein realistisk roman frå Øygarden, **Der Storhammaren bryt.** I boki fær me fylgja tvo ættleder i livsvilkår som i dag tykkjest harde.

Frå Nord-Noreg er romanen med den lange tittelen **Natta som reiser, dagen som kjem,** av Inga E. Næss, ei bok um folkeflytting og røter. Signe Seim skriv prosalyrikk frå 30-åri, **Her budde ein gong eit barn,** medan Marta Schumann er framtidsretta i romanen **Tynn hinne** som krinsar kring ein komande og menneskeleg sjølvvalda katastrofe. Lyrikaren Hanna Aga kjem med ein fortetta poesiroman um eit mykje tabulagt emne, kjærleik millom bror og syster. Boki hev tittel **Bror Sorg.** Poetisk prosa skriv òg Rønnaug Kleiva som - originalt nok - hev kalla boki si **Å fø fram ein kalv over vinteren. Mitt skip er lasta med** heiter romanen til Lillian Eltvik Dyrnes. Der møter me kvinna som bryt upp frå eit tolleg trygt tilvære, og som - ja, me segjer ikkje meir. Les og sjå.

Dei store bladi fortel gjerne um eit heller lite utval av nyutkomne bøker, og då ventar vel ingen at Vestmannen skal makta det motsette. Difor lyt me nøgja oss med berre å **nemna** dei skjønnlitterære forfattarane og boktitlane nedanfor, ei avgrensing som kjem meir av naud enn av vilje: Jan Askelund: **Løva brøler i bushen;** Arild Dahl: **Svevet over Haukeli;** Dag Helleve: **Vegen til Molde;** Ingvar Moe: **Rundt sjøen;** Kjartan Fløgstad: **Det 7. klima** - den siste kom tidleg på året og fekk ei blanda mottaking. Forfattarar/titlar unenmde i yversynet, hev vorte/-vert serskilt umtala i Vestmannen.

Nye bøker!

Tor Åge Bringsværd (red.):
Folk flest trur ikkje på fuglar
Antologi. 15 forfattarar med 21 fantastiske forteljingar for barn. ..... kr. **98.-**

Grimm-brørne:
Grimm-eventyr
Klassiske eventyr med klassiske illustrasjonar av Jens R. Nilssen. ..... kr. **69.-**

Johannes Heggland:
Bronsesverdet
Spennande og hendingsrik bok frå bronsealderen. Framhald av «Folket i dei kvite båtane». ..... kr. **89.-**

Daniel Hevier:
Iskremkremmaren og andre historier
Slovakisk biletbok med eventyr av diktaren «Harelabb». For fyrste gong ei slovakisk bok omsett til norsk. ..... kr. **89.-**

Jostein Krokvik:
I grenseland
Ei bok om korleis ein unggut opplever at bestefaren er blitt så gamal og veik at han må døy. ..... kr. **89.-**

Harald Thorseth og Ragnar Thorseth:
På eventyr med Saga Siglar
Spennande og lærerik reportasjebok om dei to brørne Njål og Eirik på tur rundt jorda med vikingskipet Saga Siglar. 50 fargefoto. ..... kr. **112.-**

Norsk Barneblad

Eit underlegt folk

snjofolk
er ein underleg rase

du ser aldri
ein snjomann
og ei snjokona
i heit omfemning

dei stend alltid
langt frå kvarandre

men økslar seg
gjer dei

Gunnar Gilberg

Djupe dælder i mannalivet

Johannes Heggland:
Seglet og vinden
- I syndefallets teikn -
(Gyldendal, 1986)

Johannes Heggland er den frægaste forteljaren vår, par exellence, som det heiter um ein kunstnar av hans dimensjon. Hans kjelda er Sunnhordland på godt og gale, og det forvitnelege folket der gjeng jamt mange umvegar før dei finn «den rette».

I «Seglet og vinden» set Heggland nye store mål. I dagsens milde spaning finn han so mange dulde botnar i mannahaugen. Dei er der, lagnadstunge hjå den veike, flokar seg til og kjem til synes. Den sterke Syllfest - han som er hovudpersonen - ofrar det mjukaste i si inste sjel i eit bunde val um velstand. På karslege vegar slær han seg fram i dåd og dugleik på havet, ein skila mann å sjå til på alle vis; men inst inne er han ein siglar med duld samvitsangest gjenom eit «kronglete livslaup». - «Det er ikkje synd å vera glad i eit menneske. Men det er synd i den som berre lyt leva på lån,» segjer han i sjølvforsvar. - Og her er diktaren inne på unemnande ting som kanskje vedrører alle.

- I si lette rytmiske målføring er Johannes Heggland rik på gode norske ord. Det er eit adelsmarke, som andre sunnhordlandsdiktarar godt kunde ansa meir på. Ikkje berre det at her fær stadnamni si heimlege form, t.d. Sponavikjo, men den sterke a'en vert klangfull bindevokal: husagrunn, hestatrakk, - og den byrge genitiven stryk yver landet som mild havgula: til hamnars, til tinings, til handar - og tenk at det norske målet hyser noko so fint som: **viljande ver!**- (Heggland hev meir).

Conrad Clausen

Hev De hugsa bladpengane?

Fylgjet

Det var slikt herlegt måneskin,
og slikt eit vakkert ver.
Han tykte fjella skein som lin,
den gamle fjellmann Per.

Han såg so langt og vidt ikring,
frå vollen ved si bu.
Og høyrde mange dulde ting,
til hubroen's u-hu.

Stillt vatnet låg der ned for ås,
ved gamle høgfjells-veg.
Som no var som ei avgløymd rås,
der høyrdest sjeldan steg.

Men just ikveld, eit fylgje for,
på denne stille sti.
Dei kom frå aust og vest og nord,
og sud frå Svarttjørnli.

Sjå, folk og fe og ville dyr,
frå urtid til idag.
Og alle gjekk som på sjølvstyr,
og hasta fram ilag.

Ulv, bjørn og bønder, smed og prest,
ein skreddar med si soks.
Ei rekkje embetsmenn til hest,
ein bøddel med si øks.

Små born og kvinnor, helst ilag,
i mylderfyllte natt.
Og bleike menn som fall i slag,
og rallarar med hatt.

Kvart fotsteg høyrdest lydt og vel,
frå hest til lette tå
I kalde haustanattes bel,
med rim på stein og strå.

Per fjellmann såg i undring stor,
på alt som strauk forbi.
Der såg han og si bestemor,
i prat med Gro frå Li.

So kvarv det heile burt om bru,
men Per stod tagal att.
Og hubroen han skreik u-hu,
i måne-klåre natt.

Trygve Orheim

Samlagssiger

Samlaget skaut nok gullfuglen med Jens Hauglands «Frå kongens råd». Alt ein månad fyre jol var upplaget kome godt yver 30 000, og det teiknar vel til framimot nynorsk rekord. Her rullar millionane.

Ting Vestmannen
til ein ven

Hans Mo-biografien

Endeleg kjem boki um den kjende vestmannen Hans Mo, fortel Terje Aarset til Vestmannen. Boki skal liggja ferdig i fyrejolstidi, men var ikkje komi til Vestmannen då bladet laut til prentings. Det vert ei ruvande bok, mykje større enn upphavleg planlagd, fortel Aarset.

Lovande for Bokreidingslaget

Me høyrer at det teiknar til eit bra sal for bokreidingslagsbøkene, og dette burde ikkje undra nokon med dei forvitnelege bøkene me finn på lista til Norsk Bokreidingslag. Um serskilde boktitlar er umframt etterspurde, er det for tidleg å segja noko visst um når dette vert skrive.

Gylling

(Or «Tuftekallen»)

I trettiåra vart telefonleidningane langs jarnvegen Voss-Bergen lagt i jordkabel i april månad. Det var kome 28 telefontrådar på stolpane, og det var ikkje plass til fleire. Ein arbeidsformann med tre unge bondesøner frå Vossestrand hadde teke på seg arbeidet.

Ein gardbrukar som hadde tre-fire stolpar på den langstrakte eigedomen sin, la merke til at då arbeidet på jordene hans var ferdig, gjekk karane over eigedomen hans og plukka noggrant opp alle småstubbane av bensletrådar. Dei måtte ikkje liggja att og kome i kumagane når sommaren kom og høyet vart hausta inn.

I Verdens Gang i april i år stod fortalt om ein jærbonde som hadde jordene sine langs bilvegen og heldt på med «gylling», det vil seie at han under sterkt trykk sprøytte gjødselvatn (bondens gull) ut over eigedomen sin. Medan han heldt på med dette stogga ein bil ved vegkanten. Tre-fire vaksne gutar kom ut og «slo lens» inn på eigedomen hans. Etter åtferda deira var det tydeleg etterkomarar av fedrar i landslaget Pilsens Venner. Bonden moroa seg sjølv med at dei hjelpte han i gyllingsarbeidet, alle monar dreg veit vi. Men då dei etterpå tok til å kasta ei mengd tomflasker inn over markene hans, «tennte han på alle pluggene» stod det i bladstykket, og han sende ein gyllingsstråle på gutane og bilen deira. Gutane vaska av seg det verste, køyrde til Haugesund der dei høyrde heime og melde frå til politiet om framferda til bonden. Men der hadde politiet alt fått rapport om bilen for fyllekøyring, så bonden kom nok lett frå det då han fekk fortalt om fåren for hest og ku når dei ved beiting trakka i flaskebrot.

G. 90

Nye bøker frå Norsk Bokreidingslag

Åsmund Farestveit: *Berserken og mor hans.* Sterk historisk roman frå Vestlandet år 1752. Det er etterkrigstid med hardt danskestyre og sosial uro, og i ei mektig natur med dramatisk gufs av ville makter stridest gamal ovtru og religiøst klårsyn.
I band kr. 135,-

Odd Kløve: *Innbjoding.* Diktsamling som i eit malmfullt og ekte språk, gjev oss vare og fine naturskildringar, attersyn på sogehendingar, kjærleiksdikt og dikt med salmetone. Ei gåvebok for lyrikkvener.
Kr. 58,-

Magnus Næsse: *Straum og atterbera.* 92 år gamal debutant med ein historisk lykjelroman frå den vestnorske kyststripa. Boki er skapt av ein kunnig målmeister, og stoffet er skipa til som ein fantasi-samtale rik på glitrande humor og lyriske vendingar.
I band kr. 150,-

Halldor O. Opedal: *Makter og menneske XV.* Nytt band i serien med folkeminne ifrå Hardanger. Ei samling med forvitneleg tilfang um hus og heim, sko og klede, matstell og ølbryggjing m.m.
Kr. 140,-

Ingebjørg Sandstaa Sandvin: *Frå Hardanger til Stavanger.* Detaljrik og morosam skildring av fest og kvardagsliv på Stavangerkanten i den fyrste etterkrigstid. Rikt illustrert av Leif Harald Forthun.
Kr. 100,-

HJÅ BOKHANDLARANE

NORSK BOKREIDINGSLAG
Postboks 2672
5010 Bergen-Møhlenpris

Garm d.y.:

Um tel og tolmod

Etter haustmøtet av ikkje nett kyrkjefolk, men kyrkjelege veghittarar, var NTB ute og tala med Berge Furre. - Jeg har alltid hørt til kirken, og er ikke blitt «omvendt» i det siste om noen skulle tro det, fortel NTB-dama etter Furre. Og ho held fram i same dur og mål med - å sjå til - ordrette attgjevingar som den same Furre aldri hev teke på tunga. Han ordlegg seg ikkje på bokmål.

Det er ikkje nytt at norsktalande nordmenn vert umsette til dagens avart av det gamle inntrengjarmålet. Bokmålsdama gjorde vel berre som ho var pålagd - å vyrda um målet til NTB.

For det målet må vyrdast.

Slikt veit nok Gula Tidend, bladet som lenge vart rekna for hovudorganet til målfolket på Vestlandet, framleis med etterglans av si frægd frå fornstora dar då Gula-målet hadde fræs i seg. Kanskje hev den gamle fræsen funne nytt tytefar, for det er tel i Gula enno, syner det seg, bladet hev beintfram kalva, men kalven heiter likevel ikkje Vesle-Gula, men Vest-Gula.

Her vert det både målkalv og bladkalv, må tru, ein triveleg, vonar me, ein som er påsetjande. **Forvarselet** til Vest Gula kom oss i hende, og dette vert avis som «føler kvardagen på pulsen», ser me. Ja, ja. Det klårnar alt som det gjenger, me les i **forvarslet** til augo vert store og våte av den framdrift og målvisdom som her strøymer imot oss. Det heiter både **kun** og **samt** og **tirsdag** og **lørdag** på Gula-mål no.

Sidan det er joletider skal me ikkje vera altfor bisk, ikkje mot nykalven heller. Me skal øva oss i tolmod, og gode læremeistrar hev me, for målfolk er innbyrdes so yverhendeleg tolsame um dagen at du skulde tru arti hadde mutert. Dei eglar seg ikkje inn på nokon lenger, ikkje eingong på Vestmannen. Me er so forbina, men me veit godt det kjem av di målfolk er redde for bokstavstrid. Ein ekte målmann tek snaudt ordet bokstav i munnen meir, visst. Idyll må til, san. Det er berre nokre målungdomar som trampar i

Til side 12

ISSN 0800-8647

Um tel og tolmod
Frå side 11

klaviaturet stundom, dei ser seg leide på all idyllen, dei kallar tingi med rett namn, til dømes kallar dei norsk for norsk. Fy for ei fælheit.

So det er ikkje godt å vita kor det gjeng med tolsemdi etter denne joli eller den neste. Det er ungdomen som tek yver, veit me, og då spørst det kor lenge me fær degga for idyllen vår, me som øver oss i tolmod.

Nå opptil
13,5% på vår
HØGRENTEKONTO

PÅ VÅR HØGRENTEKONTO FÅR DU:
– 11,25% på innestående frå kr 0 – 50.000,–
– 12,5% på innestående frå kr 50 – 100.000,–
– 13,5% på innestående over kr 100.000,–
Ingen krav til sparetid eller sparesum – 6 gebyrfrie renteuttak pr. år.

VESTLANDSBANKEN

Personkortet til sparebankane
Kortet dei snakkar om!

Bruk det som betalingsmiddel i Noreg og verda elles. Bruk det som kredittkort. Bruk det til a ta ut kontantar døgeret rundt i Noreg og elles i verda. Personkortet kjem langt pa veg i staden for kontantar og sjekkar – det finst ikkje noko anna kort pa marknaden i dag som kan brukast pa sa mange matar.

Alt du treng
SPAREBANKEN VEST

1. Klasses Mat — Rimelige Priser
VI KAN TILBY:
SMØRBRØD, SNITTER, VARMRETTER, FERDIGMAT TIL STORE OG SMÅ ARRANGEMENTER.
Selskapslokaler — vi arrangerer alle former for fester og sammenkomster.
CAFÉ LØVSTAKKEN
Catering & Selskapsservice
Tlf. 29 62 30 · Danmarksplass, Bergen

MØRE FELLESKJØP
Telefon (071) 25 940 = Postboks 588
6001 ÅLESUND

BUNADSØLV – POKALER – PREMIER
Vi har gaver for alle anledninger
magnus aase A/s gullsmed
Strandkaien 6 — Telefon *32 01 60

God og rimeleg mat
får du på
Kaffistova til Ervingen
Torgegården, Strandkaien 2, 5000 Bergen

Spennande og engasjerande lesestoff for gutar og jenter!

Norsk Barneblad er bladet med teikneseriar, fortelljingar, reportasjar, brevvener, matoppskrifter, kjøp og sal, natur og dyr, hobbystoff og mykje meir.

Norsk Barneblad er bladet som kjem beint heim i postkassa – to gonger i månaden.

Send meg Norsk Barneblad:
☐ 1 år kr. 121,- ☐ 1/2 år kr. 66,-
☐ 1/3 år kr. 49,-

Du får 3 nr. på kjøpet!

Namn: .....

Adr.: .....

.....

Postgiro 5 14 22 11 – tlf. (034) 16 488
3250 LARVIK

Norsk Barneblad